

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
073/2017	Formannskapet i Radøy	PS	23.11.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/2218	17/13922

Kulturminnefondet 2017

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Midlar frå Radøy kommune sitt kulturminnefond skal nyttast til å ta vare på verdifulle og verneverdige kulturminne i kommunen. Det er avkastninga på fondet som kan nyttast, og denne er for 2017 stipulert til å verta 33 000 kroner.

Midlane frå Radøy kommune sitt kulturminnefond skal løyvast til prosjekt som vil eller har utløyst eksterne midlar frå andre offentlege instansar og/eller private verksemder. Vidare skal kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan, kulturplan og kommuneplan prioriterast ved tildeling av midlar frå fondet. Rådmannen legg også vekt på at arbeidet skal utførast etter antikvariske prinsipp, og gjerne i tett dialog med kulturverntenesta i Nordhordland eller andre faginstansar.

Kulturminnefondet skal normalt ikkje bidra til meir enn 35 % av godkjend kostnadsoverslag. I særskilde tilfelle, avhengig av eigar sin nytte/økonomiske situasjon, kan kulturminnefondet bidra med inntil 50 % av godkjend kostnadsoverslag.

Det kom ingen søknader innan fristen 1. september. Nøtlevåg meieri leverte søknad 28. september og denne saka gjeld ei eventuell utbetaling frå kulturminnefondet til dei.

Vurdering

Nøtlevåg meieri søker midlar til reparasjon av taket på meieribygget i Nøtlvågen. Dei har ikkje skrivne søknadsbeløp i søknaden.

Meieribygget er omtrent uendra sidan meieridrifta vart avslutta i 1954. Utvendig vedlikehald har vore istandsetjing/utskifting av glaskarmar og dører til original stand, og det har vore gjort naudreparasjonar på pipe, takvindauga og tak. På grunn av dårleg lufting på loft og lite oppvarming i bygget samt smålekkasjar i tak er no konstruksjonen i endring slik at det har vorte tiltakande lekkasje og forfallet er i ferd med å akselerera.

Nøtlevåg meieri har fått tilbod frå tømrrar på kr 562 500 inkl. mva. Etter avtale med tømrrar kan ein god del gjerast på dugnad, noko som vil redusera kostnaden ein god del. Dei har også planar om å nytta det meste av skiferen på nytt, og dette vil redusera kostnaden med 100 000. Totalkostnaden for prosjektet vert då stipulert til kr 335 000.

Nøtlevåg meieri er foreslått i verneklasse A i kulturminneplan for Radøy kommune, og er såleis vurdert til å vera eit svært viktig kulturmiljø i kommunen. Det er sannsynleg at Nøtlevåg meieri vil få støtte også frå Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning til verneverdige bygg (søknadsfrist 1. desember) då kommunal støtte vert sterkt vektlagt ved tildeling av midlar frå Hordaland

fylkeskommune. Nøtlevåg meieri har også søkt midlar frå Norsk kulturminnefond. Arild Sætre frå kulturvernteneste i Nordhordland vil følgja opp arbeidet og sjå til at det vert gjort etter antikvariske prinsipp.

Søknadsfristen til kulturminnefondet har vore kunngjort både i fellesannonser i Strilen, på nettsidene og facebook i god tid utan at nokon søknader kom innan fristen. Rådmannen meiner at kommunen difor bør kunna tildela midlar frå kulturminnefondet til Nøtlevåg meieri jamvel om denne søknaden kom ei god stund etter fristen utan at dette var avtala på førehand. Prosjektet oppfyller krava i statuttane for kulturminnefondet og Nøtlevåg meieri er eit svært høgt prioritert kulturmiljø i kommunen. Om midlane ikkje vert nytta, vert dei lagt til fondskapitalen og kan dermed berre brukast til kommunale investeringar og kjem dermed ikkje private eigarar av kulturminne til gode.

Konklusjon

Nøtlevåg meieri bør få tildelt kr 33 000 kroner frå Radøy kommune sitt kulturminnefond til restaurering av taket på meieribygget.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Nøtlevåg meieri får kr 33 000 i tilskot frå Radøy kommune sitt kulturminnefond til å setja i stand taket på meieribygget.

Vilkåra for utbetaling av midlane er sett i statuttane for kulturminnefondet.

Formannskapet i Radøy - 073/2017

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Nøtlevåg meieri får kr 33 000 i tilskot frå Radøy kommune sitt kulturminnefond til å setja i stand taket på meieribygget.

Vilkåra for utbetaling av midlane er sett i statuttane for kulturminnefondet.

Vedlegg:

Søknad om midlar - Nøtlevåg meieri

Vedlegg til søknad - tilbod frå tømrrar

Kostnadsoverslag-med-forklaring (4)

Søknad Norsk kulturminnefond

Statuttar for Radøy kommune sitt kulturminnefond